



HARDINGATJØRN ca. 600 moh

*Skåndalshorgi og Hardingatjørn.
Foto Anne Lorentzen*

Hardingatjørn ligg som ein glitrande diamant under Skåndalshorgi og markerer grensa mellom Voss og Hardanger. Det er naturleg å tenkje at det var Vossingane som sette navn på tjørna for å markere at “no er du i Hardanger”. Grensemerket mellom Voss og Granvin ligg på nordsida av vatnet. Grensa går opp i varden på Skåndalshorgi og tvers over Krokavatnet ved Tjørolaholmen og vidare til Lyklaknappen. Når ein les i Bygdabøkene for Granvin, Ulvik, Eidfjord ser ein at det på 16- 17 og 1800-hundretalet stadig er strid mellom Vossingane og Gravensarane om beiterettane i desse områda.

Rundt og ved vatnet er det eit yrande fugleliv om våren og sommaren. Det er og mykje dyretråkk kring vatnet, både av husdyr og andre dyr. Sikkert fordi vatnet ligg fredeleg utanfor ferdselsveg. Om sommaren er det ofte beitedyr her. Det er ikkje fisk i vatnet, men enkelte påstår at Huldra badar her på stille og varme sommarkveldar.



*Hardingatjørn, utsikt retning Olastøl.
Foto Ijaga*

I lia under Skåndalshorgi mellom Hardingatjørn og myrane går det ein gammal sti frå Olastøl i retning Bordalen. Nokon kallar dette for “brennevinsvegen”, - det er ikkje så langt frå Brennevinssteinane ved Helgastøl herifrå. Men det kan no vera andre grunnar til navnet og...

GOD TUR! Granvin turlag

*Kjelder: Lokalkjende.
O. Kolltveit: «Bygdabøkene for Granvin,
Ulvik, Eidfjord I».*

*Hardingatjørn, utsikt retning fjorden.
Foto Anne Lorentzen*